

Årsmelding for Midtre Møre Gjeterhundlag 2009 (MMG)

Førrige årsmøte vart halde 15 mars 2009, hjå Vidar Sunde, Ellingsøy. Møteleiar og to personar til å skrive under møteprotokoll vart vald. Årsmeldinga vart opplest og godkjent. Rekneskapen vart lagt fram og godkjent.

Val av formann og styremedlemmar. På styremøte 15/3-09 konstituerte styret seg slik:

Formann:	Arnfinn Lien	1 år
Nestformann:	Vidar Sunde	1 år
Kasserar:	Karsten Hansen	1 år
Sekretær:	Merethe Hellevik	2 år
Styremedlem:	Asbjørn Molvær	2 år

Vara: 1. Kjell Ove Liabø. 2. Roy Ytrebø. Valde for 1 år.
Dei som er varamenn fungerer og som valnemnd.

Vidar Sunde er MMG sin representant i Møre og Romsdal Gjeterhundlag.

MMG har 30 medlemmar i 2009. Det har vore 3 styremøter. MMG har arrangert 2 gjeterhundkurs, eit i mars hjå Vidar Sunde, og eit på Stette i juni. Egil Syversbråten var instruktør på begge kursa, i tillegg var Asbjørn Molvær instruktør på mars-kurset.

Faste treningskveldar på Stette kvar tirsdag frå midten av mai og utover. MMG har stått som arrangør av 2 distriktsprøver. 5 april i Fiksdal og 14 juni på Stette. Begge prøvene hadde klasse 1 og 2, dommer var Ola Tynes. 8 nye bruksprov på MMG sine medlemmar i 2009 tyder på treningsvillje og stor interesse for bruk av gjeterhund!

Vi gratulerer desse med bruksprov i 2009:

Kaia	Thomas Akslen
Apollo	Bjarne Øvstedal
Spot	Nils Edmund Stråmyr
Jess	Richard Bøe
Sheeba	Kjell Ove Liabø
Ben	Arnfinn Lien
Ponto	Odd Krogsæter
Candy	Merethe Hellevik

Styret i MMG